



Saksprotokoll

Organ: Kontrollutvalet

Møtedato: 28.10.2014

Sak nr.: 14/5064-4

Internt l.nr.: 34188/14

Sak: 52/14

Tittel: **Kontrollutvalet - vurdering av moglege innsparingstiltak
2016 - 2019.**

Behandling:

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:

Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet skal ha fem medlemmar, som i dag.
2. Leiar i kontrollutvalet i tillegg til to medlemmar skal veljast frå fylkestinget sine medlemmar. To av medlemmane i kontrollutvalet vert valt utanfrå.

Handsaming i kontrollutvalet 28.10.14:

Kontrollsjefen orienterte om at fylkesutvalet 1. september 2011 handsama fråsegn til høyringsnotatet om «Forslag til endringar i kommunelova og enkelte andre lover (eigenkontrollen i kommunane m.m), som er omtalt i saksframlegget under pkt. 3.1, i FU-sak 91/11. Det vart gjort slikt vedtak:

Fylkeskommunen støttar departementet sine vurderingar og er samd i dei føreslegne endringane.

Fråsegna vart sendt departementet 09.09.2011.

Endringsframlegg som kom fram i møtet:

Pkt. 2 i vedtaket vert endra til:

2. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet skal veljast frå fylkestinget sine medlemmar. Leiar skal kome frå opposisjonen, og nestleiar skal kome frå posisjonen. Resten av utvalet kan veljast på fritt grunnlag.

Avrøysting:

Pkt. 1 i tilrådinga og endringsframlegget til pkt. 2 vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet skal ha fem medlemmar, som i dag.

2. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet skal veljast frå fylkestinget sine medlemmar. Leiar skal kome frå opposisjonen, og nestleiar skal kome frå posisjonen. Resten av utvalet kan veljast på fritt grunnlag.